

Kommunane i Sogn og Fjordane
og andre med interesse for kollektivtilbodet i fylket

Kostnadsreduksjonar samferdsle 2017-2019

Planlegging av rutetilbodet frå 19. juni 2017

Sogn og Fjordane fylkeskommune tilpassar seg nye økonomiske rammer.

Samferdsleavdelinga har alt begynt å gjennomføre ulike kostnadsreducerande tiltak innanfor områda kollektivtrafikk og fylkesvegar. Det vert lagt opp til kostnadsreduksjonar over fleire år framover mot 2019.

Hausten 2016 vil det bli lagt fram tiltak som skal gjelde frå 19. juni 2017.

Som tidlegare år vert det ein ruteplanprosess der vi inviterer kommunane og andre interesserte til å kome med ruteinnspel. Vi bed om at alle innspel vert sende via kommunane.

Innspel til endringar i rutetilbodet frå 19. juni 2017 må vere oss i hende snarast råd, men seinast 3. oktober 2016.

Kostnadsreduksjonar framover mot 2019

For åra 2018 til 2019 vil det verte greidd ut større kutt som gjev tilsvarende større konsekvensar.

For å sikre mest mogleg kunnskap om behovet til innbyggjarane ynskjer vi dialog med kommunane. Vi treng tilbakemelding på kva tenester som er spesielt viktige for innbyggjarane i ulike område av fylket vårt, og kva som er mindre viktig.

Samferdsleavdelinga er difor opne for å møte kommunar for samtalar om kva behov som er i ulike område. Vi vil med dette brevet oppmode kommunane i fylket til å ta kontakt med samferdsleavdelinga dersom de har ynskje om eit møte med administrasjonen. Samferdsleavdelinga set av ekstra tid til slike møte utover vinteren 2016/17.

Med helsing

Dina Lefdal
samferdsledirektør

Øystein Hunvik
ass. samferdsledirektør

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Mottakarar

Kommunane i Sogn og Fjordane og regionråd v/ordføraren
Ruteselskapa i Sogn og Fjordane og fagforeiningane
Sogn og Fjordane Taxiforening v/Endre Råheim, 6978 Viksdalen
Taxi Transport Service, Sognefjordvegen, 6863 Leikanger
Visit Sognefjord AS, Trolladalen 30, 6856
Visit Nordfjord, Perhusvegen 24, 6783 Stryn
Visit Fjordkysten AS, Strandgata 42, 6900 Florø
Posten Norge BA, 5020 Bergen
Pasientreiser Helse Førde, Naustdalsvegen 5, 6800 Førde
Statens vegvesen, her
Vidaregåande skule, ved rektor
Fylkesting for ungdom / Ungdomspolitisk utval, her
Fylkesrådet for funksjonshemma/fylkesrådet for eldre, her
Informasjonssjefen, her